



Innsamling av farleg avfall

Ved søknad om løyve til innsamling av farleg avfall vert søkjar beden om å gi opplysningar i tråd med punkta nedanfor. Søknaden sendast i fem kopiar til:

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), Postboks 8100 Dep, 0032 Oslo.

Handsamingstida er på 4 – 6 månader etter at vi har motteke ein fullstendig søknad.

1. Opplysningar om føretaket

1.1) Namn

Ansvarleg for føretaket
Gateadresse
Postadresse
Postnummer og stad
Kontaktperson
Telefon sentralbord
Telefon kontaktperson
Kommune og kommunenummer
Føretaksnummer

1.2) Lokalisering av hovudkontor eller anna naturleg kjernepunkt

UTM-koordinat i tråd med det topografiske kartet til Statens kartverk (serie M711 i målestokk 1:50 000)

Nord - Sør (7 siffer)
Aust - Vest (6 siffer)
Sonebelte
Kartblad nr

1.3) Omfanget til verksemda

Kort om planane til føretaket, kva for eit tilbod de ynskjer å yte til kundane, kor omfattande innsamling som er planlagt, korleis innsamlinga vil verte organisert og kvar innsamla avfall vil verte levert.

2. Kompetanse

2.1) Aktuelle kurs

2.2) Erfaring i bransjen

Type verksemd
Periode



2.3) Framstilling av anna kompetanse

- Oversyn over planlagt kompetanseutvikling før løyvet vert tatt i bruk
- Oversyn over seinare planlagt kompetanseutvikling

3. Utstyr

- ADR-godkjent transportmateriell
- Oversyn over utstyr for å kunne ta hand om eventuelle søl og lekkasjar
- Oversyn over anna relevant utstyr
- Oversyn over utstyr føretaket planlegg å skaffe før løyvet vert tatt i bruk
- Oversyn over utstyr føretaket planlegg å skaffe

4. Internkontroll

Har føretaket tatt i bruk noko internkontrollsystem? Omfattar systemet prosedyrar for vern mot uhellsutslepp og kompetanseutvikling i føretaket?



Eksempel på løyve:

Løyve til innsamling av farleg avfall for xxx

I medhald av forskrift om farleg avfall (www.lovdata.no/for/sf/md/xd-20021220-1817.html) gir Klima- og forureiningsdirektoratet med dette xxx løyve til å foreta innsamling av farleg avfall. Vilkåra for løyvet er gitt i punkta 1-10.

Løyvet er gitt på grunnlag av søknad av * og opplysningar som har kome fram under handsaminga av søknaden. Dersom føretaket ønskjer å foreta endringar i forhold til løyvet, må føretaket søke Klima- og forureiningsdirektoratet på førehand.

Verksemda skal elles drivast i samsvar med forureiningslova og forskrift om farleg avfall, samt andre aktuelle forskrifter med heimel i forureiningslova. Spesielt vises til krav om aktsemd ved forvaring mm, som går fram av forskrift om farleg avfall § 5 om forsvarleg forvaring mm av farleg avfall, § 8 som fastset leveringsplikt og § 11 om deklarasjon og opplysningar om kva avfallet inneheld.

Vi gjør merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter som går fram av anna lovgiving. Særleg aktuelle for verksemda er retningsliner gitt av Direktoratet for arbeidstilsynet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap.

Vilkåra i løyvet skal oppfyllest under omsyn til arbeidsmiljøet ved føretaket. Forureiningsmyndigheitene kan fastsette nærmare retningsliner om forureiningsgebyr for brot på vilkåra i løyvet. Brot på vilkåra i løyvet er straffbart i tråd med kap. 10 i forureiningslova.

Opplysningar om føretak

Namn:		
Gateadresse.:		
Postadresse:		
Postnummer og -stad:		
Kommune:		
Føretaksnummer:		
UTM: nord – sør:	aust – vest:	sonebelte:

Dato:	
_____	_____
*	*
Sakshandsamar	Seksjonssjef



Vilkår for løyve til innsamling av farleg avfall

1 Rammer

1.1 Innsamling

Løyvet omfattar innsamling av farleg avfall. Med innsamling meines henting av farleg avfall hos ein eller fleire avfallseigarar, jf. forskrifta om farleg avfall § 3, definisjonar.

1.2 Tankreinsing o.l.

Dette løyvet omfattar også tankreinsing, dvs. reingjering av tankar eller liknande innretning med tilhøyrande røyr, der reingjeringa medfører at det oppstår farleg avfall.

Løyva gjeld også tømning av utskiljarar for olje og bensin der farleg avfall oppstår. Oppsamla spelvatn og/eller vatn som er forureina med farleg avfall, skal handterast som farleg avfall.

1.3 Anna handtering

Dette løyvet omfattar ikkje mellomlagring av innsamla farleg avfall. Mellombels gjensetting (parkering) av køyrety med farleg avfall blir for dei fleste typar farleg avfall regulert av europeisk avtale om internasjonal vegtransport av farleg gods (ADR.) og forskrift av 20. desember 1996, om transport av farleg gods på veg og jarnbane.

Opphald/mellomlagring med lengd over 24 timar reknast der som oppbevaring og krev særskilt løyve. For transport av farleg avfall som ikkje er regulert av ADR. blir same regel nytta som ei rettleiing.

Løyvet gjeld heller ikkje handsaming eller anna disponering av farleg avfall.

Dersom føretaket ønskjer eige mellomlager for farleg avfall (løyve til mottaksanlegg med unnatak av nasjonale anlegg) eller ønskjer å handtere farleg avfall, må særskild løyve bli innhenta frå Fylkesmannen eller Klima- og forureiningsdirektoratet.

1.4 Gyldigheit og områdeavgrensing

Løyvet gjeld i 5 år frå det er gitt. Løyvet er gyldig i heile landet. Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan 2 år frå det vart gitt fell løyvet bort. Klima- og forureiningsdirektoratet kan vurdere unnatak frå vilkåret om 2 år etter søknad frå føretak.

1.5 Farlege avfallstypar

Løyvet gjeld innsamling av alle typar farleg avfall. Spesifisering av typar farleg avfall går fram av forskrifta om farleg avfall § 4 og vedlegga til denne.

1.6 Andre avfallstypar



Løyvet omfattar ikkje innsamling av avfall i følgjande ADR-klassar: Eksplosive stoff (klasse 1), infeksjonsframande stoff (klasse 6.2) og radioaktive materiale (klasse 7), eller stoff med tilsvarende eigenskapar. Styresmakta for nemnde stoff og materiale er Direktoratet for Brann- og Eksplosjonsvern (DBE), Statens helsetilsyn og Statens Strålevern.

2 Utstyr og kompetanse

Transportmateriellet skal vere ADR-godkjent. Bruk og vedlikehald skal vere i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Innsamlaren skal til ei kvar tid disponere verne- og saneringsutstyr for å kunne ta hand om eventuelt søl og lekkasjar, og ha ekstra emballasje og utstyr for merking.

For å sikre at farleg avfall blir handtert på ein for miljøet forsvarleg måte pliktar innsamlar og personell til ei kvar tid å ha nødvendig kunnskap om farleg avfall.

Føretaket skal også ha ein plan for kompetanseutvikling som fører til at dei involverte held seg oppdaterte. Planen skal kunne dokumenterast.

Kopi av løyvet skal følgje innsamlaren når innsamling blir utført.

3 Handtering av farleg avfall

Handtering av farleg avfall skal skje på ein slik måte at forureining eller fare for forureining ikkje oppstår. Samanblanding av ulike typar farleg avfall er ikkje tillaten etter at avfallet er overteke frå avfallseigar (jf. § 5 i forskrift om farleg avfall). Eventuell tom emballasje skal reingjerast og handsamast på ein slik måte at forureining ikkje oppstår.

4 Deklarering

Innsamlaren skal kontrollere at alt farleg avfall som blir samla inn er deklarerert på deklarasjonsskjema godkjent av Klima- og forureiningsdirektoratet. Leverandør/avfallseigar er ansvarleg for at deklarasjona vert korrekt utført. Gjenpart av utfylt deklarasjonsskjema skal følgje med det farlege avfallet ved vidare transport.

Innsamlaren er ansvarleg for at kopiane av deklarasjonsskjemaet vert fordelt som nedteikna på skjemaet.

5 Emballering og merking

Før overtaking av avfallet skal innsamlaren kontrollere og sørgje for at:

- emballasjen er rein og uskada og eigna for lagring og transport av farleg avfall
- emballasjen er merka i samsvar med krav i ADR og forskrift om transport av farleg gods på veg og jarnbane
- emballasje til deklarasjonspliktig farleg avfall er forsynt med løpenummer utført med merking som er varig uavhengig av været



Det er innsamlaren si plikt å kontrollere at punkta nemnt over er i orden før overtaking av avfallet.

6 Leveringsplikt

Innsamla farleg avfall skal leverast vidare utan unødige opphald til anlegg godkjent av Klima- og forureiningsdirektoratet eller Fylkesmannen (sjå punkt 1.3, anna handtering).

7 Internkontroll

I tråd med forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta), fastsett ved kgl. res. 6. desember 1996, pliktar innsamlaren å utarbeide eit internkontrollsystem for verksemda. Internkontrollsystemet skal sikre og dokumentere at aktivitetane blir utøvde i samsvar med krav fastsette i løyva, og at verksemda varetek dei krava som er melde i medhald av forskrift om farleg avfall.

8 Journalføring og rapportering

Innsamlaren skal føre journal for handtering av farleg avfall, der alle nødvendige opplysningar for handtering av farleg avfall vert vareteke. Journalane skal vere lett tilgjengelege ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Forureiningsstyresmaktene kan påleggje innsamlaren å sende forureiningsstyresmaktene eller andre som styresmaktene fastset, kopiar eller samandrag av alle journalar.

Ved høve knytt til drifta som har medført forureining eller fare for forureining, skal bedrifta utan ugrunna opphald sende rapport til Klima- og forureiningsdirektoratet. Rapporten skal framstille kva som hendte og kva for tiltak som er skadehindrande, samt skildre eventuelle tiltak som vert sett i verk for å unngå gjentakningar. Vidare har føretaket varslingsplikt i høve til forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 9.7.1992

Bedrifta er plassert i kontrollklasse

Ved innsamlingsverksemd i samarbeid med underleverandørar eller andre bedrifter skal det komme fram av den årlege rapporten kva mengder og typar farleg avfall som kjem inn via dei ulike samarbeidspartnarar/underleverandørar.

9 Tilsyn

Innsamlaren pliktar å la Klima- og forureiningsdirektoratet eller Fylkesmannen gjennomføre nødvendige kontrollar/tilsyn av verksemda til einkvar tid, medrekna stikkprøvar på for eksempel emballering, merking og samansetjing av farleg avfall og journalar).

Innsamlaren skal ved kontroll kunne legge fram dokumentasjon som viser at verksemda knydd til handtering av farleg avfall vert driven i samsvar med vilkåra sett i løyva.

10 Andre vilkår



10.1 Forsikring

Innsamlaren skal sørge for å ha tilstrekkelege forsikringar for det erstatningsansvaret han måtte pådra seg i si verksemd knytt til farleg avfall. Forsikringa må blant anna omfatte skade på person(ar), utstyr samt utgifter til opprydding, sanering og godkjend disponering. Forsikringa skal dekkje skadar aktøren er ansvarleg for etter gjeldande erstatningsreglar, oppetter avgrensa til ein sum på 2.000.000.- for kvart skadetilfelle. Forsikringa skal også dekkje kostnader for utgifter knytte til eventuelt opphøyr av eige føretak, medrekna forsvarleg disponering av eventuelt resterande farleg avfall som innsamlaren er ansvarleg for.

Forsikringa kan eventuelt erstattast med ein bankgaranti.

10.2 Forbod mot overføring av løyve

Løyve til innsamling av farleg avfall er gitt til vedkomande føretak og ein kan ikkje overdra løyvet heilt eller delvis til andre utan samtykke frå forureiningsstyresmakta.

10.3 Driftsstans og nedlegging

Driftsstans ut over 1 måned skal meldast til Klima- og forureiningsdirektoratet. Ved nedlegging skal føretaket også umiddelbart melde frå til oss. Det skal leggjast fram oversikt over mengd farleg avfall som bustyrar eventuelt må ta hand om. Vi viser til forskrifta om farleg avfall § 9 om meldeplikt ved konkurs.

10.4 Endring/omstøyting av løyvet

Klima- og forureiningsdirektoratet tek atterhald om å kunne gjere endringar i løyvet, medrekna dei einskilde vilkåra, jf. forureiningslova § 18.

Vesentlege endringar i eigarforholda i føretaket skal meldast til oss.

10.5 Brot på løyvet

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79, med mindre forholdet går inn under andre straffereglar. Forureiningsstyresmaktene kan fastsetje forureiningsgebyr for å sikre at vilkåra i løyvet blir overhalde, jf. forureiningslova § 73.